

EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDS DIREKTIV 2009/24/EF

2015/EØS/58/24

av 23. april 2009

om rettsleg vern av datamaskinprogram

(kodifisert utgåve) (*)

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

teknologien kan difor reknast for å vere grunnleggjande viktig for den industrielle utviklinga av Fellesskapet.

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 95,

- 4) Visse skilnader i lovgjevinga i medlemsstatane om rettsleg vern av datamaskinprogram verkar direkte og negativt inn på verkemåten til den indre marknaden når det gjeld datamaskinprogram.

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen,

med tilvising til fråsegna frå Det europeiske økonomi- og sosialutvalet⁽¹⁾,

- 5) Eksisterande skilnader som har slike verknader, må fjernast og nye må hindrast i å utvikle seg, samstundes som skilnader som ikkje verkar negativt inn på verkemåten til den indre marknaden, ikkje treng fjernast eller hindrast i å vekse fram.

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 251 i traktaten⁽²⁾, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Innhaldet i rådsdirektiv 91/250/EØF av 14. mai 1991 om rettslig vern av datamaskinprogrammer⁽³⁾ er vorte endra⁽⁴⁾. Av omsyn til klarleiken og av praktiske årsaker bør direktivet kodifiserast.
- 2) Utviklinga av datamaskinprogram krev investering av store menneskelege, tekniske og finansielle ressursar, medan datamaskinprogram kan kopierast for ein brøkdel av dei utgiftene som er naudsynte for ei sjølvstendig utvikling av slike program.
- 3) Datamaskinprogram spelar ei stadig viktigare rolle innanfor ei lang rekkje industriar, og datamaskinprogram-

- 6) Difor kan den rettslege ramma til Fellesskapet for vern av datamaskinprogram i første omgang avgrensast til å slå fast at medlemsstatane bør gje datamaskinprogram opphavsrettsleg vern som litterære verk, og deretter slå fast kven og kva vernet skal omfatte, kva einerettar dei verna personane kan vise til for å tillate eller forby visse handlingar, og kor lang tid dette vernet bør gjelde for.

- 7) I dette direktivet tyder «datamaskinprogram» alle former for program, medrekna program som er inkorporerte i maskinvare. Nemninga omfattar òg det førebuaende designarbeidet som ligg til grunn for utviklinga av eit datamaskinprogram, på det vilkåret at det førebuaende arbeidet er av ein slik art at resultatet av det kan verte eit datamaskinprogram på eit seinare stadium.

- 8) Dei kriteria som skal nyttast for å avgjere om eit datamaskinprogram er eit originalt verk eller ikkje, skal ikkje omfatte prøver for å slå fast den kvalitetsmessige eller estetiske verdien av programmet.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 111 av 5.5.2009, s. 16, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 39/2011 av 1. april 2011 om endring av EØS-avtalens vedlegg XVII (Opphavsrett), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 37 av 30.6.2011, s. 47.

⁽¹⁾ TEU C 204 av 9.8.2008, s. 24.

⁽²⁾ Europaparlamentsfråsegn av 17. juni 2008 (enno ikkje offentleggjort i TEU) og rådsavgjerd av 23. mars 2009.

⁽³⁾ TEF L 122 av 17.5.1991, s. 42.

⁽⁴⁾ Sjå vedlegg I del A.

- 9) Fellesskapet pliktar seg fullt ut til å fremje internasjonale standardisering.
- 10) Eit datamaskinprogram skal kommunisere og verke saman med andre komponentar i eit datahandsamingssystem og med brukarar, og for dette føremålet krevst det ei logisk og eventuelt ei fysisk samankopling og interaksjon slik at alle program- og maskinvaredelar kan arbeide saman med annan program- og maskinvare og med brukarar på den måten dei var meint å fungere. Dei delane av programmet som syter for denne samankoplinga og interaksjonen mellom dei ulike delane av program- og maskinvare, vert vanlegvis kalla «grensesnitt». Denne funksjonelle samankoplinga og interaksjonen vert vanlegvis kalla «driftskompatibilitet». Driftskompatibilitet kan definerast som evna til å utveksle informasjon og ymsesidig gjere bruk av den informasjonen som vert utveksla.
- 11) For at det ikkje skal verte tvil må det presiserast at det berre er uttrykksforma til eit datamaskinprogram som er verna, og at dei ideane og prinsippa som ligg til grunn for dei einskilte delane av programmet, medrekna dei som ligg til grunn for grensesnitta til programmet, ikkje har opphavsrettsleg vern i medhald av dette direktivet. I samsvar med dette prinsippet om opphavsrett og i den grad logikk, algoritmar og programmeringsspråk utgjer idear og prinsipp, er ikkje desse ideane og prinsippa verna i medhald av dette direktivet. I samsvar med lovgjevinga og rettspraksisen i medlemsstatane og med internasjonale opphavsrettskonvensjonar skal uttrykksforma til desse ideane og prinsippa ha opphavsrettsleg vern.
- 12) I dette direktivet tyder «utleige» at eit datamaskinprogram eller ein kopi av programmet vert stilt til rådvelde for bruk i eit avgrensa tidsrom og med sikte på fortene. Denne nemninga omfattar ikkje offentleg utlån, som difor fell utanfor verkeområdet for dette direktivet.
- 13) Når det gjeld datamaskinprogram, må den eineretten som opphavsmannen har til å hindre at verket hans vert reprodusert utan løyve, vere underlagd eit avgrensa unntak, slik at det er mogleg å utføre den reproduksjonen som er teknisk naudsynt for at programmet skal kunne nyttast av den som har skaffa seg det på lovleg måte. Dette tyder at den innlesinga og køyringa av eit program som er skaffa på lovleg måte og er naudsynt for å kunne nytte ein kopi av programmet, og rettinga av feil i programmet, ikkje er mogleg å forby ved avtale. Med mindre det ligg føre konkrete avtaleføresegner, òg ved sal av ein kopi av programmet, skal alle andre handlingar som er naudsynte for å nytte kopien av eit program, kunne utførast i samsvar med det tiltenkte føremålet med programmet av ein som har skaffa seg kopien på lovleg måte.
- 14) Ein person som har rett til å nytte eit datamaskinprogram, skal ikkje hindrast i å utføre handlingar som er naudsynte for å observere, undersøkje eller prøve ut korleis programmet fungerer, på det vilkåret at desse handlingane ikkje krenkjer opphavsretten til programmet.
- 15) Ein reproduksjon, ei omsetjing, ei tilpassing eller ei omforming som ikkje er tillaten, av forma til den koden som kopien av eit datamaskinprogram er gjort tilgjengeleg i, utgjer ei krenking av eineretten til opphavsmannen. Likevel kan det vere omstende der ein reproduksjon av koden eller ei omsetjing av forma til koden er ein føresetnad for å skaffe dei opplysningane som er naudsynte for at eit sjølvstendig utvikla program skal vere driftskompatibelt med andre program. Berre under desse avgrensa omstenda skal det reknast som lovleg og i samsvar med god forretningsskikk at ein person med rett til å nytte ein kopi av eit program eller ein person som handlar på vegner av denne personen, utfører reproduksjon og omsetjing, og dette skal difor ikkje reknast som noko som krev løyve frå rettshavaren. Eit av føremåla med dette unntaket er å gjere det mogleg å kople saman alle komponentane i eit datahandsamingssystem, medrekna komponentar frå ulike produsentar, slik at dei kan verke saman. Dette unntaket frå eineretten til opphavsmannen kan ikkje nyttast på ein måte som rører ved dei legitime interessene til rettshavaren, eller som ikkje er i samsvar med ei normal utnytting av programmet.
- 16) Opphavsrettsleg vern av datamaskinprogram skal ikkje røre ved bruken av andre former for vern der dette er naudsynt. Eventuelle avtaleføresegner som er i strid med føresegnene i dette direktivet om dekompileing eller med dei unntaka som er fastsette i dette direktivet med omsyn til tryggleikskopiering eller observasjon, undersøking eller prøving av funksjonaliteten til eit program, bør likevel vere ugyldige.
- 17) Føresegnene i dette direktivet rører ikkje ved bruken av konkurransereglane i medhald av artikkel 81 og 82 i traktaten dersom ein leverandør som har ei dominerande stilling, nektar å stille til rådvelde opplysningar som er naudsynte for å oppnå driftskompatibilitet slik det er definert i dette direktivet.
- 18) Føresegnene i dette direktivet skal ikkje røre ved vedtekne særlege føresegnar i fellesskapsretten om offentleggjering av grensesnitt innanfor telekommunikasjonssektoren eller rådsvedtak om standardisering innanfor informasjonsteknologi og telekommunikasjon.

- 19) Dette direktivet rører ikkje ved unntak som er fastsette i nasjonal lovgjeving i samsvar med Bern-konvensjonen, i spørsmål som ikkje er omfatta av dette direktivet.
- 20) Dette direktivet bør ikkje røre ved dei pliktene som medlemsstatane har med omsyn til fristane for innarbeiding i nasjonal lovgjeving av dei direktiva som er førte opp i vedlegg I del B —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

Føremål for vernet

1. I samsvar med føresegnene i dette direktivet skal medlemsstatane gje datamaskinprogram opphavsrettsleg vern som litterære verk slik det er definert i Bern-konvensjonen om vern av litterære og kunstnarlege verk. I dette direktivet tyder «datamaskinprogram» òg det førebuande designmaterialet.
2. Vern i samsvar med dette direktivet skal gjelde alle uttrykksformene til eit datamaskinprogram. Idear og prinsipp som ligg til grunn for dei einskilde delane av eit datamaskinprogram, medrekna dei som ligg til grunn for grensesnittet til programmet, har ikkje opphavsrettsleg vern i medhald av dette direktivet.
3. Eit datamaskinprogram skal vernast dersom det er originalt i den tydinga at det er opphavsmannens eige intellektuelle verk. Ingen andre kriterium skal nyttast for å slå fast om datamaskinprogrammet har rett til vern.
4. Føresegnene i dette direktivet skal òg nyttast på program som er utvikla før 1. januar 1993, utan at det rører ved eventuelle handlingar som er utførte og rettar som er tileigna før denne datoen.

Artikkel 2

Opphavsmannen til datamaskinprogrammet

1. Opphavsmannen til eit datamaskinprogram skal vere den fysiske personen eller den gruppa av fysiske personar som har utvikla programmet eller, når lovgjevinga i medlemsstaten tillèt det, den juridiske personen som er peikt ut som rettshavar ved denne lovgjevinga.

Når lovgjevinga i ein medlemsstat godkjenner fellesverk, skal den personen som vert rekna som skaparen av verket etter lovgjevinga i medlemsstaten, reknast som opphavsmannen til verket.

2. Dersom eit datamaskinprogram er utvikla av ei gruppe fysiske personar i fellesskap, skal eineretten til desse programma eigast i fellesskap.

3. Dersom eit datamaskinprogram vert utvikla av ein tilsett som ein del av arbeidet til denne personen eller etter instruks frå arbeidsgjevaren hans, skal arbeidsgjevaren aleine ha rett til å utøve alle økonomiske rettar til dette programmet, med mindre noko anna er fastsett ved avtale.

Artikkel 3

Personar som har rett til vern

Alle fysiske eller juridiske personar som har rett til vern i medhald av nasjonal lovgjeving om opphavsrett slik denne vert nytta på litterære verk, har rett til vern.

Artikkel 4

Handlingar som er underlagde restriksjonar

1. Med atterhald for føresegnene i artikkel 5 og 6 skal eineretane til rettshavaren i medhald av artikkel 2 omfatte retten til å utføre eller tillate følgjande:
 - a) Varig eller mellombels, heil eller delvis reproduksjon av eit datamaskinprogram på alle måtar og i alle former. Dersom ein reproduksjon av datamaskinprogrammet er naudsynt i samband med at datamaskinprogrammet vert lese inn, vist på skjerm, køyrt, overført eller lagra, krevst det løyve til dette frå rettshavaren.
 - b) Omsetjing, tilpassing, tilarbeiding og all anna endring av eit datamaskinprogram, og likeins ein reproduksjon av resultatane av dette, utan at det rører ved rettane til den personen som endrar programmet.
 - c) Alle former for offentleg spreieing, medrekna utleige, av originalprogrammet eller av kopiar av dette.
2. Første gongen ein kopi av eit program vert seld i Fellesskapet av rettshavaren sjølv eller med hans samtykke, er rettshavaren sin rett til å spreie denne kopien i Fellesskapet uttømd, bortsett frå retten til å kontrollere ytterlegare utleige av programmet eller av ein kopi av programmet.

Artikkel 5

Unntak frå handlingane som er underlagde restriksjonar

1. Med mindre det ligg føre særlege avtaleføresegner skal det ikkje vere naudsynt med løyve frå rettshavaren for å utføre dei handlingane som er nemnde i artikkel 4 nr. 1 bokstav a) og b), dersom handlingane er naudsynte for at den som har skaffa seg datamaskinprogrammet på lovleg måte, skal kunne nytte det i samsvar med det tiltenkte føremålet til programmet, medrekna òg for å rette opp feil.
2. Ein person som har rett til å nytte datamaskinprogrammet, kan ikkje ved avtale hindrast frå å lage ein tryggingskopi av programmet dersom dette er naudsynt for denne bruken.

3. Den personen som har rett til å nytte ein kopi av eit datamaskinprogram, skal utan løyve frå rettshavaren ha rett til å observere, undersøkje eller prøve ut korleis programmet fungerer for å kunne slå fast kva idear og prinsipp som ligg til grunn for dei einskilte delane av programmet, så framt dette vert gjort under slik innlesing av programmet, framvising på skjerm, køyring, overføring eller lagring som brukaren har rett til å utføre.

Artikkel 6

Dekompilering

1. Det skal ikkje krevjast løyve frå rettshavaren når reproduksjon av koden og ei omsetjing av forma til koden i medhald av artikkel 4 nr. 1 bokstav a) og b) er ein føresetnad for å skaffe fram dei opplysningane som er naudsynte for å oppnå driftskompatibilitet mellom eit sjølvstendig utvikla datamaskinprogram og andre program, så framt dei følgjande vilkåra er stetta:

- a) handlingane vert utførte av lisenstakaren eller av ein annan person som har rett til å nytte ein kopi av eit program, eller på vegner av desse personane av ein person som har løyve til dette,
- b) dei opplysningane som er naudsynte for å oppnå driftskompatibilitet, ikkje tidlegare har vore lett tilgjengelege for dei personane som er nemnde i bokstav a), og
- c) handlingane er avgrensa til dei delane av originalprogrammet som er naudsynte for å oppnå driftskompatibilitet.

2. Føresegnene i nr. 1 tillèt ikkje at opplysningar som er skaffa fram i medhald av bruken av desse føresegnene,

- a) vert nytta til andre føremål enn å gjere det sjølvstendig utvikla datamaskinprogrammet driftskompatibelt,
- b) vert gjevne vidare til tredjemann, bortsett frå når dette er naudsynt for å gjere det sjølvstendig utvikla datamaskinprogrammet driftskompatibelt, eller
- c) vert nytta til utvikling, produksjon eller marknadsføring av eit datamaskinprogram med ei uttrykksform som i vesentleg grad svarar til det opphavlege programmet, eller vert nytta til andre handlingar som krenkjer opphavsretten.

3. I samsvar med føresegnene i Bern-konvensjonen om vern av litterære og kunstnarlege verk skal føresegnene i denne artikkelen ikkje tolkast slik at dei kan nyttast på ein måte som gjer urimelege inngrep i dei legitime interessene til rettshavaren, eller er i strid med ei normal utnytting av datamaskinprogrammet.

Artikkel 7

Særskilte vernetiltak

1. Med atterhald for føresegnene i artikkel 4, 5 og 6 skal medlemsstatane, i samsvar med den nasjonale lovgjevinga si, gjere dei tiltaka som er naudsynte mot ein person som utfører ei av dei følgjande handlingane:

- a) alle former for omsetning av ein kopi av eit datamaskinprogram når personen veit eller har grunn til å tru at det dreier seg om ein ulovleg kopi,
- b) innehaving for kommersielle føremål av ein kopi av eit datamaskinprogram når personen veit eller har grunn til å tru at det dreier seg om ein ulovleg kopi,
- c) alle former for omsetning eller innehaving for kommersielle føremål av alle middel der det einaste føremålet er å gjere det lettare på ulovleg vis å fjerne eller omgå tekniske innretningar som kan ha vore nytta for å verne eit datamaskinprogram.

2. Alle ulovlege kopiar av eit datamaskinprogram skal kunne kverrsetjast i samsvar med lovgjevinga i den medlemsstaten som det gjeld.

3. Medlemsstatane kan fastsetje at alle middel som er nemnde i nr. 1 bokstav c), skal kverrsetjast.

Artikkel 8

Vidareføring av andre lovføresegner

Føresegnene i dette direktivet skal ikkje røre ved andre lovføresegner, til dømes dei som gjeld patentrettar, varemerke, illojal konkurranse, forretningsløyndommar, vern av halvleiarprodukt eller avtalerett.

Avtaleføresegner som er i strid med artikkel 6 eller med dei unntaka som er fastsette i artikkel 5 nr. 2 og 3, skal vere ugyldige.

Artikkel 9

Melding

Medlemsstatane skal sende Kommisjonen teksta til dei internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

*Artikkel 10***Oppheving**

Direktiv 91/250/EØF, endra ved det direktivet som er ført opp i vedlegg I del A, vert oppheva utan at det rører ved dei pliktene som medlemsstatane har med omsyn til fristane for innarbeiding i nasjonal lovgjeving av dei direktiva som er ført opp i vedlegg I del B.

Tilvisingar til direktivet som vert oppheva, skal forståast som tilvisingar til dette direktivet og lesast slik det er vist i jamføringstabellen i vedlegg II.

*Artikkel 11***Iverksetjing**

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

*Artikkel 12***Adressatar**

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Strasbourg, 23. april 2009.

For Europaparlamentet

H.-G. PÖTTERING

President

For Rådet

P. NEČAS

Formann

VEDLEGG I

DEL A

Oppheva direktiv med endringar**(nemnde i artikkel 10)**

Rådsdirektiv 91/250/EØF
(TEF L 122 av 17.5.1991, s. 42)

Rådsdirektiv 93/98/EØF
(TEF L 290 av 24.11.1993, s. 9)

Berre artikkel 11 nr. 1

DEL B

Liste over fristar for innarbeiding i nasjonal lovgjeving**(nemnt i artikkel 10)**

Direktiv	Frist for innarbeiding
91/250/EØF	31. desember 1992
93/98/EØF	30. juni 1995

VEDLEGG II

Jamføringstabell

Direktiv 91/250/EØF	Dette direktivet
Artikkel 1 nr.1, 2 og 3	Artikkel 1 nr.1, 2 og 3
Artikkel 2 nr. 1 første punktumet	Artikkel 2 nr. 1 første leddet
Artikkel 2 nr. 1 andre punktumet	Artikkel 2 nr. 1 andre leddet
Artikkel 2 nr. 2 og 3	Artikkel 2 nr. 2 og 3
Artikkel 3	Artikkel 3
Artikkel 4, dei innleiande orda	Artikkel 4 nr. 1, dei innleiande orda
Artikkel 4 bokstav a)	Artikkel 4 nr. 1 bokstav a)
Artikkel 4 bokstav b)	Artikkel 4 nr. 1 bokstav b)
Artikkel 4 bokstav c) første punktumet	Artikkel 4 nr. 1 bokstav c)
Artikkel 4 bokstav c) andre punktumet	Artikkel 4 nr. 2
Artikkel 5, 6 og 7	Artikkel 5, 6 og 7
Artikkel 9 nr. 1 første punktumet	Artikkel 8 første leddet
Artikkel 9 nr. 1 andre punktumet	Artikkel 8 andre leddet
Artikkel 9 nr. 2	Artikkel 1 nr. 4
Artikkel 10 nr. 1	—
Artikkel 10 nr. 2	Artikkel 9
—	Artikkel 10
—	Artikkel 11
Artikkel 11	Artikkel 12
—	Vedlegg I
—	Vedlegg II